

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-150	22/39

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2022	Formannskapet	PS	20.01.2022
	Kommunestyret	PS	

## Saldering budsjett 2022

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Bevillingsoversikt drift

#### Dato

17.01.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå kommunelova minimum to gongar i budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Viss utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal rådmannen tilrå endringar i årsbudsjettet.

Opphavleg budsjett 2022 ble vedtatt i KS sak 067/2021, og kommunestyret ble i same møte orientert om mottekne merknadar til budsjettet. Ingen av merknadane hadde økonomisk konsekvens.

#### DRIFTINTEKTER

Rammetilskot og inntekts- og formueskatt er i opphavleg budsjett for 2022 basert på KS sin prognosemodell som låg til grunn for forslaget til statsbudsjett 2022 frå oktober 2021. KS oppdaterte 23. desember 2021 prognosemodellen etter endeleg behandling i Stortinget. Etter siste oppdaterte prognosemodell er summen av frie inntekter for Masfjorden kommune i 2022 justert opp til 143,3 mill. For å tilpasse budsjett 2022 til denne prognosen blir rammetilskotet auka med 0,49 mill. og skatteinngangen med 0,29 mill.

KS oppdaterer vanlegvis inntektsprognosemodellen etter framlegging av innbyggjartal ved årskiftet. Denne oppdateringa kjem i februar, og ut frå folketalsutviklinga mot slutten av 2021 er det venta ein nedjustering for Masfjorden kommune. Dette kommer administrasjonen tilbake til etter at modellen

blir oppdatert.

Det er i tillegg signaler om nye koronamidlar til kommunane. Detaljane kring dette er førebels ukjent og vil også resultere i ein oppdatert KS prognosemodell. Administrasjonen kommer tilbake til dette i forbindelse med neste budsjettjustering.

Etter at opphavleg budsjett 2022 var vedtatt, kom det oppdaterte skattetal for kraftverk frå Skatteetaten. Desse tal inneber noko lågare eigedomsskatt frå kraftverk enn det som opphavleg budsjett legger til grunn. For å tilpasse budsjettet til denne prognosen blir inntektsposten justert ned med 2,5 mill.

Samla sett blir driftsinntektene i budsjett 2022 justert ned med 1,73 mill.

### **DRIFTSUTGIFTER**

Smittesituasjonen, nasjonalt og lokalt, har vore høg i starten av 2022. Masfjorden kommune har i skrivande stund fleire smittetilfelle på sjukeheimen, både blant pasientar og tilsette. Dette gjer ekstra utfordringar i høve bemanninga. Overtidsutgifter som følgje av situasjonen vil kunne gje grunnlag for styrking av budsjettet for rammeområdet.

Utgifter knytt til bustadprosjekt med kommunal medfinansiering er ikkje innarbeidd i opphavelg budsjett. Disse er under avklaring og administrasjonen vil komme tilbake til i forbindelse med neste budsjettjustering.

Det hefter usikkerheit kring fleire av prognosane. Opphavleg budsjett låg til grunn eit normalt driftsår, både inntektsmessig og utgiftsmessig. Utgiftspostane i denne saka er tilrådd ikkje justert i påvente av 1.tertialrapporteringa.

### **Vurdering**

Etter kommunelova si § 14-5 Årsbudsjettet sin bindande verknad, skal endringar i inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjar på meldast til kommunestyret, som skal gjera naudsynte endringar i budsjettet for å oppretthalde lova sine krav om realisme og balanse. Det same gjeld når det på annan måte blir kjent tilhøve som kan tyda på vesentlege endringar i inntektene eller utgiftene i høve til vedteken budsjett.

I denne saka er driftsinntektene tilrådd nedjustert med 1,7 mill., mens driftsutgiftene er tilrådd ikkje justert. Som følgje av dette blir det avsett 1,7 mill. mindre til bustadfondsmidlar i budsjettåret 2022.

Frå budsjettbehandlinga i formannskapet, FS sak 098/2021, er det semje om følgande prioriteringar i høve disposisjon av forventata resultat i 2021:

- Bustadfond – forskotterte avtalar
- Vedlikehaldsetterslep: større prosjekt på sjukeheimen, omsorgsbustader, skule og barnehagar
- Trafikksikring og vedlikehald kommunale vegar
- Barnehagar/SFO

- Styrke brufond

Rekneskapssaka 2021 kjem til behandling mot sommaren. Administrasjonen vil komme tilbake til ovannemnte moment når endeleg rekneskap for 2021 er klar.

### **Formannskapet - 016/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.**